Snitt vist parkering under pakken - Illustrasjon Pir II



Ein samanhengande parkeringskjeller med innkøyring vest for hotellet slik det er vist, vil gi plass til opptil 143 P-plassar. Noko mindre om ein tenkjer at ein del plassar blir endra til sykkelparkering og fjernboder. Ein parkeringskjeller vil truleg bety ei samla og ikkje etappevis utbygging i området. Over bakken vil ei slik tenkt utbygging kunna gje plass 7 nye bygg med eit volum og byggehøgd omlag som dagens bygningsstruktur. Med ein gjennomsnitts storleik på leilighetane på 70m^2 vil ei slik utbygging kunna gi opptil 100 nye leiligheter på Sjøstrand. Dette er truleg eit større omfang enn behovet dei nærmaste åra. Skissa er laga for å finna eit slags mogleg maksvolum i området. Antal etasjar 3.40, parkeringsfaktor > 1.25 . Kommunen vil i planen verken kreva eller motsetja seg parkering under bakken. *Illustrasjonar – Pir II*

Ein illustrasjon på ei meir moderat utbygging



Illustrasjon – Pir II

Parkerings samla i 2 større parkeringsplassar på bakken som kan gje opptil 70 parkeringsplassar. Parkeringsplassane legg beslag på store areal, men er forsøkt «skjult» av bygningane både frå gata og frå sjøsida. Denne utbygginga kan gje opptil 80 leiligheter med gjennomsnittstorleik 70 m². Etasjetal 3, parkeringsfaktor 0,9. Parkeringsfaktoren er truleg litt for låg, men kan forsvarast dersom ein får til eit opplegg med bildeling.

I utbygginga på Sjøstrand er det viktig at akser og siktlinjer mellom eksisterande og ny bebyggelse vert oppretthaldne slik at ein har sikt til sjø.

Ein må sette byggegrense til sjø for å sikra avstand mellom bygg og allmenne friområde som vert planlagt langs strandsona. Slik hindar ein også arealbrukskonflikter.

Ein illustrasjon på ei meir følsom utbygging



Illustrasjon JK-Arkitektur

Sjøstrand Eigedom har fått utarbeidd eit alternativ der ein ser for seg noko parkering på bakken og noko innandørs i første etasje på nokre bygg, som vist over. Parkeringsa blir soleis lite synleg frå både sjøsida og hovudgata. Det er vist 4-5 husklynger i 3-5 etasjar som gir om lag 43 bueiningar og 46 P-plassar. Volumet og omfanget vil kanskje vera meir tilpassa marknaden enn dei 2 føregåande alternativa.



Parkeringsa er fordelt på 3 stader, med 2 inn-/utkøringar.

Konklusjon: Kommunen ønskjer å vidareføre dette siste alternativet i plankart og føresegner.

Dette for å sette ei realistisk ramme for utbygging i tråd med demografiske endringar, sikra etablering av attraktive områder som er opne for ålmenta sin bruk av strandsona,

og avgrensa presset på landbruksjorda ved Fitjar sentrum. For å oppnå dette er det naudsynt å foreta ei moderat og avgrensa utfylling i sjø, tilpassa staden sin karakter. I område frå "Larsenbygget" til vestsida av Fitjarelva vil det omfatte ei utfylling på omlag 6m - 15m frå land. Området har i over ti år vert regulert til bustadar og friområde, men er verken blitt utbygd av eigarane eller særskilt brukt av innbyggjarane. Dette sender eit tydeleg signal på at arealet og reguleringa lyt endrast, og i ny sentrumsplan har vi modernisert tenking og tiltak for å utløysa potensialet i området.

Sentrumplanen balanserer svært mange ulike interesser på eit avgrensa areal. Dei demografiske endringane medfører behov for fortetting i sentrum, medan omsynet til jordvern begrensar utbyggingsmoglegheitane i sør, vest og aust. Fortetting medfører arealkrav for å sikre attraktivitet for bebuarane og lovkrav om uteareal, parkeringsplassar mv, krav som med dagens areal og naturmiljø ikkje kan stettast. Ei moderat og avgrensa utfylling vil skape realistiske føresetnadar for fortetting, og innanfor utbyggingsområde skape opne torg og attraktive parkareal for bebuarane. Det vil og gje moglegheit for opna strandsona for ålmenta; med tiltak som kyststi, badestrond og grøntareal.

Saman vil desse tiltaka forsterka følelsen av eit opent og allment tilgjengeleg sentrum, og dei vil invitera til samspel mellom bebuarar og besökjande. Ei større utbygging med fortetting som hovudføremål vil stå i klar motsetnad til alternativet basert på dagens føresetnadar; ei privatiserande oppdeling av arealet til einebustadar, med romslege og lukka hagar, omkransa av gjerder og høge hekkar.

Utfyllinga i sjø vil styrka ålmenta sin tilgang til eit attraktivt område ved sjøen, og det vil verta klar avgrensning mellom buområde og dei allmenne fellesareala, og slik hindre privatisering av strandsona mellom "Larsenbygget" og Fitjarelva. Ved å oppretthalda krav til siktsoner mellom Fv545 og strandsona vil ein sikre opne, luftige og lyse løysingar, med stiar, smug, og snarvegar.

For å begrense behovet for parkeringsplassar og kanskje også storleiken på bustadene kan ein tenkja seg ulike delingsløysingar, i alle fall i nokre av bygga. Bil- og sykkeldeling og ymse fellesrom, som f.eks felles gjesterom, vaskerom, hobbyrom, verksted, trimrom, takterrasse, vinterhage, felleskjøken, etc.

For ny og eksisterande bebyggelse mot sentrumsgata FV 545/ miljøgata stiller ein krav til forretning/ tenesteyting i første etasje med opne fasadar og vindauge mot sentrumsgata.

Samarbeidsavtalar mellom offentlege og private aktørar vil sikra ei heilsakapleg utbygging av området. Det er vår klare vurdering at ei moderat og avgrensa utfylling i sjø er det alternativet som gir færrest arealbruk-konfliktar, og det einaste alternativet som gir realistiske føresetnadar for auka sentrumsattraktivitet i tråd med planen.

Barn- og unge og folkehelse

Området vi stimulere og vera tilrettelagt for aktivitet, friluft og sosiale møteplassar. Det vil opna sentrum og strandsona for meir aktivitet og opplevingar for ålmenta generelt, og særleg for barn- og unge, familier og eldre. Kommunen ønskjer å etablere ei offentleg badstu på det kunstige neset mellom det opne torget mot sjø og badestranda.

Jordvern

Ei utfylling i sjø vil avgrensa utbyggingspresset på landbruksjord like ved sentrum i Fitjar.

Strandsonevern

Vurdering av byggeforbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8:

Omsynet bak byggeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskild vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, særleg ferdsel og friluftsinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Strandsona blir opna og tilrettelagt for ålmenta ved investeringar i torg, kyststi, friområde, badestrond og siktlinjer. Byggegrense vert sett for bustadar i området. Ein vil ha tydleg skilje mellom havneområde og badestrond.

Planforslaget er i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealformål i kommuneplanen sin arealdel er det kommunen si vurdering at overordna planar ligg til grunn for utarbeida forslag.

Naturmangfold Fitjarelva

Biologisk mangfold vil kunne endra seg moderat i området. Naturleg vegetasjon på land i området vil verta oppretthalden til ein viss grad i friområde. For å tilretteleggja badestrond vil sand bli tiltransportert, og ny vegetasjon vil bli planta.


I sjø vil østers bli flytta til nærmeste lokalitet, blautbotn vil bli noko redusert (ca 20%), leveområdet for sjøaure vil i all hovudsak verta oppretthalde i området ved ei meir begrensa utfylling og føreslått badestrond. Sjå meir om naturmangfold under [Område C](#).

Kulturminne

Det er automatisk freda kulturminne i område B der ein vidarefører føresegner frå gjeldande sentrumsplan.

Område C:

Det er utført ei Konsekvensutredning naturmangfold - av Rådgivende biologer AS hausten 2021 som er oppdatert 2023 pga endra raudslisteartar, oppdatert rettleiar for konsekvensutgreiling, og redusert utfylling. Den oppdaterte rapporten konkluderer med at utgreiingsområdet har endra verdi frå «middels til stor» verdi til «noe til middels» verdi for naturmangfold i utfyllingsområdet.




Illustrasjon som viser planlagt utfylling – Rådgivende Biologer 2023

Kommunen hadde tidlegare med ei større utfylling også på nordsida av elvemunningen for Fitjarelva (A). Denne er no justert ned til svært liten. Også på sørsida av

elvemunningen er utfyllinga redusert. Vidare mot vest (C) er utfyllinga beholdt som ved 1. og 2. gongs høyring.

Etter motseigner har kommunen har vurderert at det er naudsynt å avgrense utfyllinga sjø ved helsekvaraltalet. Kartlegginga viser at det er noko usikkerhet om Fitjarelva har ein stadeigen bestand av sjøaure i Fitjarelva, men mindre fiskeundersøkelsar utført i elva tilseier god fiskeproduksjon. som treng både eit område med sjø- og ferskvatn, og ivaretaking av eit vegetasjonsbelte i sine leveområde.

Utfyllinga ved helsekvaraltalet vert difor tatt ut av planen i sin heilhet.



Etter 2. høringsrunde er all utfylling nord for munning for det aller meste tatt ut, og utfylling sør for munning ytterlegare noko redusert.

Rådgivende biologer AS kjem med tydelege anbefalingar for ei utfylling ved utløpet av Fitjarelva. Ei omfattende utfylling sør og nord for elveutløpet som skissert i figuren over med gul linje vil føre til middels negativ konsekvens for naturmangfold, med noko negative påverknad særleg på sjøaurebestanden i Fitjarelva og flatøstersførekomster rundt elvemunningen. Dette alternativet er difor ikkje anbefalt. Sidan alternativet, som ikkje berører områder nord for elvemunningen, ville medføre betydelege innskrenkingar i handlingsrommet for ønska tiltak er det her gitt anbefalinger for tiltaksreduksjonar som minskar negative påverknader på naturverdiar ved utfylling av grunne blautbotnområde nord for elvemunningen.

Ei justering av utfyllingsområde 3 som fører til ei utviding av elveutløpet mot nord samanlikna med avgrensinga i alternativet etter gul linje, som vist i figuren over med blå linje, vil være positiv for den naturlege dynamikken i elvemunningen.

Etter meir presise vurderingar, også etter motsegn frå Statsforvalteren i Vestland, reduserer Fitjar kommune utfyllingsområdet i omfang og lokalisering. Utfyllinga

ved helsekartalet (utfyllingsområde 3) vert difor tatt ut av planen på nordsida av Fitjarelva. Elveløpet vert oppretthalde intakt på nordsida, området som vert berørt av utfylling er redusert med ca. 20 %, bløtbunnsområde er ca 80 % uberørt.

Kommunen vil realisere utfyllinga sør for utløpet av Fitjarelva, med utfylling for badestrand og friområde om lag som vist med blå linje i figuren over. Området er mindre sårbart for endringar sjølv om det vil medføre noko tap av blautbotn-område.

Ein reduksjon av arealet av utfyllingsområdet, vil bevare store deler av funksjonsområdet for sjøaure og flatøsters nord for elvemunningen og av sandbanken, som er næringsområde for sjøfugl. Dersom ein i tillegg går for flytting av flatøsters frå utfyllingsområde 2 til uforstyrra grunne område nord for elvemunningen kan en avgrense skadeverknadene for arten flatøsters betydeleg. Hvis ein kan gjennomføre utfyllingsarbeidet skånsamt vil eit slikt tiltak ha nesten like låg konsekvensgrad for naturmangfold som alternativet utan utfylling nord for munningen (noko negativ konsekvens).

Det er viktig å bevare kantvegetasjon langs elva, for å skape skugge og ein naturleg vegetasjonsskjerm mellom folk og fisk/fauna i elveløpet.

Vil det biologiske mangfaldet tåle sambruk med menneska i området? Fitjarelva er midt i Fitjar sentrum. I området er det både hotell- og omsorgsbustadar og noko trafikk inn til desse. Området har eit aktivt båtliv i Fitjarvika, **men i liten grad i nærliken av elvemunningen**. Ved ei badestrand i dette området vil vi få noko meir bruk av området i strandsona – barn som leikar og bader, område der folk vil finna rekreasjon. Det vil bli folk nærmere sjøen.

Bortfall av utfyllinga i nord reduserer samspelet mellom nordre og søndre utfylling. Dette vil vera negativt for det sosiale samspelet, men vere positivt for det biologiske mangfaldet. Overgangen mellom dei ulike sonane vil vera brua på kyststien.

Med enkle grep som informasjonsskilt og installasjonar knytt til naturmangladet i elva, økosystemet mv, kan elva markera eit skilje mellom søndre utfylling som sosial sone for lek, medan nordre utfylling vert ein sosialsone for læring. Auka kunnskap om naturmangfaldet vil vonleg og auka respekten for området og livet der.

Tanken om ei sosial sone for læring vert ytterlegare styrka av planane om stornaust, ytterlegare omtala nedanfor.

Området er svært grunt, og det er ikkje sannsynleg at elveosen vil verta meir brukt til motorisert ferdsel.

Innfor område C her ligg kommunen sine helseinstitusjonar – sjukeheim (Fitjar bu- og behandlingssenter), kommunale omsorgsbustadar, private omsorgsbustadar, legekontor, helsestasjon og psykisk helseneste.

Etter 1. gongs høyring og KU naturmangfold Fitjarelva, flaumsonekartlegging Fitjarelva er utfylling i sjø nord for elveutløpet redusert til ei minimumsfylling. Framtidige påbygg til helsekartalet er difor tatt ut av planen her.

Etter 2. gongs høyring er det nesten heile utfyllinga nord for elvemunningen tatt bort i sin heilhet.

Ca 5000 m² grunne blautbotnområde av opprinnelege 6250 m² vert upåverka av utfyllinga for badestrand og parkområde. Det vert utført avbøtande tiltak i tråd med anbefalingar av Rådgivende Biologer i rapport «Habitatkartlegging og forslag til tiltak i 21 sjøørretvassdrag i Vestland fylke i 2021» og «oppdatert KU for naturmangfold 2023»:


- Kantvegetasjon vert reetablert der denne er glissen eller manglande, med hovedfokus på nedre halvdel.
- Skråstilte steinbuner vert etablert med ca. 10 m mellomrom i det kanaliserte strekket ved FKIB.
- I nedre halvdel vert det lagt ut daude trær i lengderetning ogstein i klynger.
- Det vert lagt ut gytegrus i midtre del av elva.
- Utfylling i sjø vil ikkje skje i perioden april-september
- Det vil bli krav til bruk av siltduk ved all utfylling i sjø.

Flaumfarekartlegging

Fitjar kommune har fått utarbeid ei flaumfarevurdering og vurdering av bølgeoppsskylling for ei planlagt utfylling i sjø ved munningen av Fitjarelva, av Multiconsult. Det er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og stormflo for det planlagte tiltaket. Det må etablerast flaumvoller langs planlagt kanal nedstrøms eksisterende bru ved Gamle Havnavegen. Løysninga med flaumvoller må utformast slik at alt vantet renn i elveløpet gjennom bruha ikkje tar nye løp.

Dagens bru ved Gamle Havnavegen har for liten kapasitet uavhengig av planlagt tiltak, og ulike alternativ for auka kapasitet ved bruplasseringa må utgreiast. Det vil skje i etterkant av reguleringsarbeidet.

Det er også utarbeidd flaumsonekart for 200-års flaum (Q_{200}) og 1000-års flaum (Q_{1000}) med og utan klimapåslag. Omsynssone H320 (Q_{1000}) er lagt inn i plankartet.



Flomsone for Q_{1000} , inkludert klimapåslag. Tegnforklaringa viser dybde i m.

Føresegner blir revidert tilsvarande.

Stornaust

Eit stornaust bygt i gammal stil som eit grindabygg vil kunna gi plass til «flakabåten» og andre lokale båttypar frå Fitjar. Dette vil kunna gi spanande sambruk mellom eldre beboarar i "helsekvartalet" og yngre i Fitjar om ymse aktivitetar kring kystkultur. Flakabåtar, også kalla storebåtar, potetbåtar og la-båtar var vitige for Fitjar frå midten av 1800- og til byrjinga av 1900-talet. Poteta var ein viktig del av ein heil kultur, ein

kultur som er vel verdt å ta vare på og minnast. Denne kulturen er samansett: Potetdyrkning, farten til Bergen i båtar med segl og årar, og endeleg sal av poteter på Torget i Bergen eller, om salet gjekk tregt der, bering av potetene i store kiper opp gjennom smauene i Bergen. Denne kulturen er eineståande i Noreg.

Naustet og piren det er plassert oppå, står på pålar for å ikkje påverka evjebotnen og naturmangfaldet her.



Potefart til Bergen frå Fitjar med «flakabåt»

Område D:



Område kalla «Naustmiljøet» i stadanalysen ligg langs sjøsida mellom Meieriet og Hegranesvegen. Naustmiljøet styrkar identiteten til Fitjar. Nær naustmiljøet ligg "Dalebua" og to verna naust. Dette er det best bevarte eldre bygningsmiljøet i Fitjar sentrum. Området skal ivaretakast i framtidig planlegging og det autentiske miljøet skapar ein intim møteplass, nær sjøen. Bygga er sårbare for havnvåstiging. Kyststien vil starte her.

«Naustmiljøet» består i dag av ein del eldre naust og eit bustadhus. Det er samstundes nokre større og mindre opne område i mellom. Det er tenkt at nausta skal bestå, og så kan det utførast ei skånsom utbygging av bustader med konsentrert småhusbebyggelse i mellom. Ny utbygging må tilpassast i volum som eksisterande bebyggelse (naust) i området og samstundes med arkitektur inspirert av naust gjerne gitt eit moderne preg. **Eit kombinert formål bustad/naust vil auka attraktiviteten og tilgjenge til strandsona. Dei opprinnelege støene i området vil verta ivaretatt som særpreg for området.**


I område D vil vi foreslå blanda formål Bustad/ Naust.



Skisseprosjekt av tenkt utbygging i Naustmiljøet. Opptil 30 nye bueininger i 15 nye bygningar, gjennomsnitts storlek 70 m². 34 P-plassar på bakken bak og mellom bygningane. 2-2.25 etasjar. Smale bygg med gavl mot sjø for å oppretthalda siktelinjer til sjø, og bevara naustpreget. På denne måten, og med detaljregulering for plassering og form på bygga, meiner kommunen bygga vert tilpassa i volum og byggeskikk til området sin karakter med formål naust/ småhus. Dei 2 nybygga som ligg på langs med FV 5070 og på tvers av siktlinjene vert redusert med ein etasje etter høyningsrunde 1. Dette for å redusere effekten av utbygging for bakenforliggjande bustadar.

Det vil kunna leggjast ut mindre nye flytebrygger i området. Området er værhardt og utsatt for sjø/bølger og vind.


Illustrasjonar Pir II



Fasade mot sjø

Pir II har etter 1. gongs høyring laga nye perspektivteikningar av naustmiljøet, og konskevensar for bakanforliggjande bustadar. Bustadane vil få endra utsikt, men siktlinjer til sjø er oppretthaldne og høgdeskilnaden gjer at alle har sjøutsikt. Når ein bur i ein tettstad må ein kunne forvente et det kan kome bygg som tek noko utsikt framfor ein. Alternativet er at grunneigarar i andre byggeområde ikkje får ta ut sitt potensiale. Etter 1. gongs høyring har ein redusert høgda på to nye langsgåande hus langs fylkesvegen. Dei er redusert frå 2 til 1 etg for å betra siktforholda.

Kotehøgda vil føre til at både småhus- og evt. nye naust vil ligge høgare i terrenget, litt under dagens vognivå for FV 5070. Høgare fyllingar i sjø kan auke avstanden mellom naturlege element (sjø-naust) og dette krev god stadleg tilpassing på tomtane.



Illustrasjonar som viser utsikt frå bakanforliggende hus (stoveglasnivå) etter ei utbygging. Rauda bygg er eksisterande - Pir II.

Naustområdet kan få ein noko endra utforming ved at kotehøgde +2,50 er lagt inn som tryggleik for flo- og havnivåstiging. Likevel er det ein vesentleg høgdeskilnad i terrenget mellom nye bustadar og bakenforliggjande bustader på oppsida av FV 5070. Siktlinjer til sjø er ivaretatt mellom bygga i naustmiljøet. Opplevinga av ferdsel på gateplan på FV5070 vil gje kjensle av tettstad, smug og sjø.

Området vil ha marginal utfylling i sjø. Fronten med "stører" og vil verta oppretthalden. Ferdsel for ålmenta er ikkje råd å ha framfor nausta i dag, og vil heller ikkje vera mogeleg ved den nye bustadbygginga.



Mellan Dahlebua og område D ligg næringsformål (meieribygget) der Engesund Fiskeoppdrett AS har sitt hovudkontor. Engesund har planar om å utvide med eit nytt visningssenter for fiskeoppdrett her.



Engesund Visningssenter – ill. JK Arkitektur AS

Område E:

Området ytterst på Hegraneset (også skrive Higraneset) har ei historie med mekanisk industri frå 1930 og fram til 1990. Skålevik Mekaniske Verkstad dreiv med reparasjoner av fiskebåtar, båtmotorar, traktorar og anna mekanisk arbeid og produksjon. Dei tok på slipp båtar opptil 80 fot. Området ligg fint til ved sjøen med utsikt i alle retningar. Neset er godt synleg frå alle retningane av innseglinga til Fitjarvika.

Vegtilkomsten i dag er problematisk då den går gjennom eit industriområde med trelasthandel-/ entreprenørverksemde. Grunneigar har tatt opp behov for å flytta den kommunale vegen ut av bedrifta sitt industriområde for tryggleik og ekspansjon. Det vil difor vera krav til ny vegframføring utanom entreprenørverksemda for ei eventuell utbygging på Hegraneset. Ny vegløysing er teikna inn i plankartet.

Området er om lag 3.5 daa stort.



Ny vegframføring til Hegraneset




Nedlagt mekanisk industri på Hegraneset

Ei eventuell næring-/bustadutbygging ytterst på Hegraneset bør vera med arkitektur med preg av den industrielle historia. ~~Det kan også vera i kombinasjon med kultur, utstillingslokale etc.~~ Vidare planlegging av heile området ytterst på Hegraneset må skje gjennom ei detaljregulering.

Mesteparten av Hegraneset ligg med arealføremål «Næringsvirksomhet, nåværende» i gjeldande KPA og som føremål «industri» i gjeldande reguleringsplan frå 1989. I ny sentrumsplan er det føreslått å endra føremålet for eigedom 64/10 ytterst på Hegraneset til kombinerte føremål Næring/tenesteyting/bustad. Dette vart drøfta med Statsforvaltaren i meklingsmøte 21.02.2023 som ikkje hadde motførestillingar mot dette.

Områdeplanen for sentrum krev uansett detaljregulering for å kunne realisere ny utbygging ytterst på Hegraneset, og gjennom oppstart av ny KPA i Fitjar kommune, kan ein vurdere formåla for areala Hegraneset på nytt i overordna plan. Det vil eventuelt kunne lette seinare reguleringsarbeid i området.

Området til Engevik & Tislevoll AS 63/3, 30 og 64/50, 84 vil i sentrumsplanen ha detaljerte nok føresegner til at ein ikkje treng å utarbeide detaljplan. Også dette vart drøfta med Statsforvaltaren i meklingsmøtet som heller ikkje såg motførestillingar mot dette.




Perspektivskisse som viser tenkt utnytting av området til Engevik & Tislevoll AS

5.2.2 Samferdsle PBL §12-5 nr 2

Forlenging av miljøgata mot aust (FKIB)

I miljøgata er det behov for å ivareta eksisterande omfang av butikknær parkering som opprettheld Fitjar sentrum sitt konkurransefortrinn, samstundes som ein skal utvikla meir trafikksikre løysingar.

Det er avgrensa med plass i bredden av sentrumsgata som er FV 545. Difor oppstår det tidvis brukskonflikter. Vi har i planen vist korleis vi kan rydde i trafikkbildet, bygge gangveg på begge sider av gata og slik redusere trafikkfaren. Å oppretthalda parkering ved butikkane er viktig for å ivareta lokal handel. Erfaringane med langsgåande parkering i miljøgata har ikkje vore særleg gode, då ein får avstiging frå bil ut i vegen.



FV545
*Dagens
uheldige
situasjon
med
gangfelt
mellan
parkering
og veg.*



Vi planlegg at gang- sykkelfelt (fortau) bør hevast og flyttast inntil butikkvindua, slik at parkering kjem mellom vegen og fortau der det er mogleg, som vil gje ei tryggare framkomst for gåande og syklande. Det bør leggjast til rette for eit heva fortau/gang-sykkelfelt på begge sider av FV545 i sentrum. Dette har vi også spelt inn i regional transportplan for Vestland fylke.

På nokre av dei sentrale parkeringsplassane i sentrum (eks. framfor rådhuset og på sjøsida til "Larsenbygget") bør ein vurdera å ha eit meir variert og forskjønna dekke, slik at områda kan nyttast i periodar som torgplassar etc. Parkeringsområda i planområde er elles "skjult" i byggeområda, eller lokalisert ved dei større offentlege bygga eks. VGS og FKIB.

Det er naudsynt å skapa samanhengane gang- og sykkelvegnett Jfr grøn mobilitet og trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

Ny reguleringsplan tek sikte på å ha same tal på parkeringsplassar som i dagens sentrum. I tillegg kjem parkeringsplassar knytt til nybygg.



Eksisterande gang-sykkelfelt/fortau i dag (blå strekar). Stipla linjer gjeld parti med stipla gang-/sykkelfelt vist på flyfoto over.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) gjennom Fitjar sentrum for 2020:

- FV 545 retning Sandvikvåg: 3037
- FV 545 retning Sagvåg: 1968
- FV 5070: 2120

Om lag 6% av trafikken gjeld lange køyretøy.

Det er ikkje utført teljingar av gåande og syklande gjennom Fitjar sentrum.

Tilrettelegging for næringsutvikling

Eit levande sentrum føreset eit aktivt næringsliv med handel, servicenæringer, tenesteyting, kontor etc. Vi må sørge for å ha tilstrekkeleg areal til dette, og også tilstrekkeleg fleksibilitet i formål. I gjeldane reguleringsplan er næring/ bustad eit mykje brukt formål i sentrum særleg langs Fv 545 i sentrum.

Følgjande punkt har vore drøfta når det gjeld betre tilrettelegging for næringsutvikling i sentrum:

- Fleire område med kombinert formål næring/ bustad særleg langs Fv 545/ miljøgata inkl Larsen-bygget
- Krav til næring som formål i 1. etg i etablerte og evt. nybygg langs Fv 545/ miljøgata i sentrum. Dette for å oppretthalda eit levande og variert næringsliv over lang tid i sentrum, og då spelar "gårdeigarar" ei nøkkelrolle.
- Også offentlege tenester må ein sikra og utvikla i sentrumsområdet.
-

Offentleg kai

I Fitjar sentrum er det offentleg kai ved "Meierikaia". Det vert arbeida for å få hurtigbåtstopp på Fitjar igjen. Kaien bør forlengjast med ein pir mot vest og sjøarealet

haldast ope for hurtigbåtstopp. Ved den offentlege kaien og den utvida hamna i sentrum bør det leggjast til rette for landstraum og ladepunkt for sjøverts trafikk.

Universell utforming

Universell utforming er eit sentralt krav, som har utvikla seg frå kun å gjelde tilgjengeleghet for rørslehemma, til å skape eit inkluderande og likeverdige bygningsmiljø. I dette ligg det at ein i tillegg til å tilretteleggja for rørslehemma også tek omsyn til orienteringshemma, som omfattar blinde og svaksynte, døve og andre hørselshemma, samt menneske med forståelseshandikap. Det skal også tas omsyn til at barn og eldre kan ha tilsvarende problem med å oppfatte omgjevnadane og at dei kan ha redusert rørsleevne, lengre reaksjonstid og redusert balanseevne. All planlegging og prosjektering skal i utgangspunktet følge forskriftskrava. Det er viktig å ta omsyn til dette allereie i tidlegfasen, og deretter følge det opp gjennom alle planens og prosjektets fasar. Det offentlege sentrum skal kunne nyttast av så mange som mogeleg, utan behov for spesiell tilpassing. Universell utforming skal leggjast til grunn gjennom heile prosessen. Fortau skal ha naturlege ledelinjer heile vegen gjennom sentrum. For eit levande sentrum bør det vera parkeringsplassar og varelevering i nærleiken av butikkane og alle åtkomstar bør vera trinnfrie. Det bør leggjast opp til plass for mange benkar, for å tilrettelegge for gode møtestader i det offentlege sentrum.

Tiltak for gåande og syklande

Det er eit klart behov for nye tiltak både for gåande og syklande. Gode fortau inviterer oss til å spasere. Eit samanhengande gate- og fortausnett er eit av dei viktigaste verkemidlane vi kan bruke for å tilrettelegge for gåande og få liv inn i sentrum. Levande gater er ein forutsetning for levande sentrum, og fortau dannar basis og scene for sentrum. Fortau med universell utforming vil auka trafikktryggleiken og gi plass til gangtrafikk, butikkar, tre og snølagring. Gode oppholds moglegheiter sikrast ved komfortable benker på solrike stadar. Gateparkering gir auka omsetning for handelsstanden, sosial kontroll og liv i sentrum. Plass til varelevering må innpassast.

I FV 545 i sentrum er det mange private utkjøringar, med därleg sikt. Ved Fitjar Vidaregående skule/ krysset ved Fitjar kultur- og idrettsbygg er det ca 250 elevar som kryssar vegen fleire gangar dagleg. Trafikkloysingane der langs FV 545 er därlege og har skapt fleire nestenulukker. Gjennom denne planen foreslår vi å forlenge miljøgata gjennom sentrum til FKIB, og slik få løyst desse trafikkutfordringane.

Ladestasjonar

I sentrumsområdet er det i dag ein el-ladestasjon med kapasitet til 5 bilar samstundes. Det er kapasitet til fleire. Ein ladestasjon er plassert utanfor sentrumsområdet men i nærleiken, ved REMA 1000 og bensinstasjon. I tillegg er det tilrettelagt for lading for offentlege tenestebilar og tilsette ved rådhuset og i helsekvarтаlet. Ladeinfrastruktur er ein del av infrastrukturen ved auka bustadbygging i sentrum.

Småbåthamn/gjestehamn

Fitjar har over 365 øyar med stort og smått. Å ha båt og tilgong til båtplass har alltid vore viktig for fitjarbuen. Det vil soleis også vera ønskjeleg med båtplassar i tilknytning til ny utbygging av leiligheter i sentrum. Det vil vera ønskjeleg å samla båthamna mest mogleg konsentrert der det allereide er båthamn i dag for å minska presset langs

strandlinja og samstundes behalda sikt utover i sjø framfor kyststi og bebyggelse. Ei slik sentral samlokalisering vil også kunna serve busetnad både for naustmiljøet og Sjøstrand og i tillegg eksisterande bustader i sentrum.



Det vil difor vera fornuftig med ei utviding av eksisterande gjestehamn utanfor Larsen til også å omfatte permanent småbåthamn. Hamna i dag er ikkje brukande til heilårshamn. Det kan bli mogleg med ein flytemolo ytterst. Havna må få lademulighet for EL-småbåtar.



3,5 meter høg
flytemolo med boder
for oppbevaring nede i
betongflytaren

*Illustrasjon – Marina
Solutions AS*

Nedgong til boder i
flytemolo i Rong,
Øygarden.

5.2.3 Teknisk infrastruktur – vatn, avløp og overvasshandtering.

Det er god kapasitet på vatn for vidare utbygging i sentrum i samband med sentrumsplanen. For avløp vil det vera behov for nokre pumpestasjonar.

Det er god kapasitet på brannvatn i sentrum i dag, men det må lagast tilstrekkeleg med brannhydrantar i området.

Hegranelset

I dag er det ikkje offentleg V/A infrastruktur i Hegranelset. Pumpestasjon for kloakk må etablerast og vatn må leggjast fram til eit eventuelt nytt bustadområde på Hegranelset. Det må også leggjast nytt overvassanlegg til sjø.

Naustmiljøet

Det må leggjast ein større vassleidning over vegen med fordelingskummar. Det må leggjast nokre mindre private pumpestasjonar, som pumper kloakken til pumpestasjon på Prestbø.

Sjøstrand

Det må leggjast ein større vassleidning over vegen med fordelingskummar. Det må etablerast ein større offentleg pumpestasjon, som også kan ta imot avløp frå eksisterande bygg som ikkje er påkobla offentleg nett i dag. Pumpestasjonen må pumpe kloakk til silanlegget i Havn.

Helsekvartalet

Det er leidning for vatn i området. Det er ein fordelingskum for kloakk i området, som kloakken kan pumpes til.

Miljøgate

I samband med forlenging av miljøgate frå Sentrumsgarden til Havnavegen, må all kommunal infrastruktur, som vatn, avløp og overvatn fornyast. Dette ligg som eit tiltak i hovudplanar for vatn og avløp.

Overvatn

Alt overvatn i planområdet går i røyr til sjø i dag, eller som overflatevatn. Det har ikkje vore overvassproblematikk i planområdet i dagens utbygde situasjon. Hovudovervassledningen i Fitjarvegen vart oppdimensjonert og skifta i 2019 i samband med ferdigstilling av krysset i Miljøgata. Med framtidig styrtegn vil det bli behov for ei kartlegging av flaumvegar, og sørge for gjennom føresegne å halda desse opne som naudoverløp.



Flaumvegar i planområdet

Terrenget ned mot Fitjarvika frå sør er jamt hellande og består av mykje fulldyrka landbruksjord før ein kjem ned til 1 eller 2 husrekker, fylkesveg og område mellom fylkesveg og sjø. I området mellom fylkesveg og sjø er det planlagt utbygging. Det er korte vegar til sjø i alle deler av planområdet med planlagt utbygging.

3-trinnsstrategien ligg til grunn for handtering av overvatn i planområdet. Trinn 0 kjem som eit tillegg og det handlar om god planlegging. Ulike typar blå-grønnstrukturar i planområdet skal fanga opp, forsinke og fordrøye overvatnet. Takvatn kan førast til t.d. regnbed med fordrøyningskammer, og ut i grunnen, eller i nye korte overvassrøyr til sjø.

Innanfor planområdet er det 3 mindre bekkar som er lagt i røyr. Ein har sett på moglegeheten om desse kan eller bør opnast for å auke overvasskapasiteten. Begge har relativt lite vassføring sjølv i periodar med mykje regn. Dei går alle under fulldyrka

landbruksjord og ein har konkludert med at det vil vera lite hensiktsmessig å opna desse sidan dei då vil legga beslag på landbruksareal og komplisera landbruksdrifta.



Bekk som fortset under planområdet i røyr omlag 480 meter. Av desse omlag 200 meter under fulldyrka landbruksjord.

Bekken har relativt lite vassføring sjølv i regnversperiodar, og ein kjenner ikkje til at den har fløynt over jorder.

Ein har vurdert det som lite hensiktsmessig å opna denne eller andre bekkar i planområdet sidan det vil setja unødige begrensningar på landbruket.

5.2.4 Energi og varme

Frå samfunnsdelen til ny kommuneplan:

Kommunen ynskjer å ha fokus på:

- Å leggje til rette for fornybare energiløysingar
- Klimavenleg bustadbygging.

Utnytting av energikilder i planområdet

Dagens forskrifter krev at ein viss andel av bygningane sine oppvarmingsbehov vert dekkja av ei anna energiforsyning enn direkteverkande elektrisitet eller fyring. På bakgrunn av dagens forskriftskrav er det føreslått mogelege energiberarar for planområdet. Aktuelle energiberarar som er belyst er sjøvatn som oppvarming, grunnvassvarmepumpe, solfangarar, solceller og biovarmeanlegg. For ny bustadbebyggelse i planområdet bør ein stilla krav til energibruk. Enova kan også gje tilskot til ulike former for miljøvenleg oppvarming og energiproduksjon.

Sjøvatn som oppvarming

Sjøvatn er ein utømeleg fornybar ressurs, den er lett tilgjengeleg i sentrum. Det bør investerast i varmepumper. Lokal energiproduksjon vil redusera behovet for utbygging

av EL-nettet, og gi reduserte utslepp av klimagassar. Fjordvarme frå sjøvatn er fornybar og kan utnyttast til både oppvarming og kjøling. I til dømes Eid har dei etablert Fjordvarme AS, som nyttar fornybar oppvarming og kjøling frå sjøvatn for bygga i området. I Ulsteinvik nyttar dei også vatn frå havet til å varme opp bygg.

Grunnvassvarmepumpe

Det er sannsynleg at ein kan utnytta grunnvatn som varmekjelde. Grunnvatn gir stabil energi året rundt.

Solfangrar

Solfangrarar er ei god kjelde til oppvarming av tappevann i Noreg. Det er stor variasjon i solinnstrålinga i løpet av året, med størst solinnstråling om sommaren. Det kan difor vera aktuelt å vurdera om det er mogeleg med solfangrarar for å dekke deler av tappevannsbehovet til bygga i planområdet. Behovet for varmt tappevatn er tilnærma like stort heile året. Det er difor gunstig å kunne utnytte solvarmen til dette. Solfangrarar kan koblast saman til eit nærvarmeanlegg eller det kan være lokale anlegg pr bygg.

Solceller

Solceller er ei god kjelde til energi. Solceller konverterer energien i solstråler til elektrisitet ved hjelp av den fotovoltaiske effekten. Det bør vurderast muligheter for solceller på tak. Solceller kan fåast både til tak og vegger, solceller kan også vera integrert i takpanner.

Biovarmeanlegg

Det kan også vurderast muligheten for eit biovarmeanlegg i planområdet. Det kan også vurderast om biovarmeanlegg kan kombinerast med t.d. solfangrarar, der biovarmeanlegg er grunnlasta og solfangrarar vert utnytta i periodar med mykje sol. Eit biovarmeanlegg er anbefalt som nærvarmeanlegg. Dette vil gi best utnytting av eit slikt anlegg.

5.2.5 Grøntstrukturar PBL §12-5 nr 3

I område C knyter vi saman eksisterande gangveg langs Fitjarelva med ein ny kyststi som strekkjer seg på kaifronten gjennom sentrum og fram til Meierikaien. Kyststien svingar seg bak ei ny vestvendt badestrand, framfor Sjøstrand der ein etablerer felles breiare oppholdsareal på kaifronten. Slik byggjer ein attraktive sosiale møteplassar for ålmenta. Kyststien vil passere den meir utvikla småbåthavna som vil bestå av både eksisterande gjestehavn og ei ny småbåthavn med meir djupgåande molo. Dette vil gje området mindre verutsett.


Kyststien vil ha ei bru i overgangen mellom kaien ved "Larsenbygget" og Dahlebua. Denne brua ha ei seglingshøgde som ikkje skal hindre tilgang til sjø for nausta, som er dei eldste bygde kulturminna vi framleis har i Fitjar sentrum.

Miljøgata parkanlegg

Miljøgata med kollektivknutepunkt i Fitjar sentrum har parkanlegg og benker. Dette skal vedlikehaldast av vegeigar som er Vestland Fylkeskommune, noko som er svært viktig for attraktiviteten og trivsel i området.

Kyststi med tilgrensande stiar.

Kyststi er planlagt etablert i sentrum ved sjøfronten frå Meierikaien til helsekvarтаlet dvs. kryssing av Fitjarelva. Ved Fitjarelva møter den gangsti langs Fitjarelva til FKIB og Moahagen, eller gang- og sykkelveg og påfølgjande gangveg til Rossneset.



Badestrond og elvelandskap

I sentrum av Fitjar er det i dag tendenser til badestrender, men dei er ikkje i bruk. Ei ligg under flomålet, er for smal og verutsett, den andre er nær den som vert foreslått, men ligg i eit område som fram til no har vore for privatisert. Ei attraktiv badestrond krev utfylling i sjø og at den vert meir vestvent for betre sol- og vindforhold. Kommunen og Fitjar fjordhotell har kjøpt ein av tomtane i området, og kommunen har gjort dette for å sikra grøntareal og areal for utvikling av gode sosiale møteplassar for innbyggjarane. Delar av eksisterande grøntstruktur i strandsona vil verta vurdert nytt.

Sør/ vest vendt badestrond for ålmenta er tenkt etablert ved utfylling i sjø. Friområde på land kan delvis tilretteleggjast på land i dagen grøntstruktur.



Det er utført geotekniske undersøkjelsar i sjøen i 1997 (geovest)

Det er utført verdivurdering av naturmangfald i elvemunning Fitjarelva våren 2021 (Rådgivende Biologer AS)

Det er utført KU naturmangfald i elvemunning Fitjarelva hausten 2021 (Rådgivende Biologer AS)

Det er utført resipientundersøkingar i Fitjarvika hausten 2021 (Rådgivende Biologer AS)

Det er utført risikovurdering av forureina sediment ved utfyllingsområde, Fitjarelva hausten 2021 (Rådgivende Biologer AS)

Kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har utført marinarkeologiske registreringar i heile planområdet i sjø. Konklusjonen frå registreringa er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §14.

Dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne pliktar tiltakshavaren å gje melding til museet. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

Føresegner i førre sentrumsplan PlanID200703 for kulturminne på land i Sjøstrandområdet vert vidareført i denne planen.

Møteplassar

Gode møteplassar som bidrar til opphold større deler av døgnet er eit viktig tema i planarbeidet. Kyststien er tenkt å utformast med god breidde i deler av traseen, og ei utviding til eit slags torg ved sjøen framfor Sjøstrand. Her bør ein har fine overflater, grønne innslag og benker som fristar til opphold og kvil. Samstundes som ein har fint og fritt utsyn utover Fitjarvika.



ILLUSTRASJON SJØFRONT

Illustrasjon – JK Arkitektur

Utvida strandpromenade som eit torgområde som også kan nyttast som landingsplass for fritidsbåtar.

Statuen av «Potetkåno» kan få sin plass her

Illustrasjon – JK-Arkitektur



Sjøtorget framfor Sjøstrand bør ha varierte overflater av høy kvalitet. Det kan vera plassert benker, belysning og kunst/skulpturar. Foto: StoCretec Flooring AS

Aktivitetsområde v/ rådhuset.

Det er dei siste åra etablert ei fint aktivitetsområde med installasjonar ved rådhuset. Det er gitt støtte til dette som nærmiljøanlegg og det er mykje brukt av barn og familiar.

Siktlinjer til sjø, kyrkje, landbruksområde og fjell

Det er svært viktig å oppretthalda siktlinjer og akser ved fortetting i sentrum.


Hovudaksane er:

Langsgåande

- Kystlinje og miljøgata (FV 545 og FV 5070)

Tverrgåande

- Aksen frå Fitjar kyrkje via miljøgata og til sjøen. «Kyrkjeaksen».
- Akser mellom kystlinja, FV 545/ FV 5070 og landbruksområda
- Mellom eksisterande bygg, nybygg og sjøen.



Samanheng mellom Kyststien og gang-/sykkelveg i hovudgata – Illustrasjon Pir II

5.2.6 Landbruk natur og friluftsområde LNFR PBL § 12-5 nr 5

Som nemnt i kap. 4.1 tyder Fitjar «flatvoren, frodig eng attmed vatn». Samfunnsdelen seier at ved utviklinga av sentrum vil me byggje på Fitjar sin identitet, og noko av Fitjar sitt sær preg er nettopp den grøne enga som ein kan sjå frå fjørestein til skoggrensa. Innanfor reguleringsplanområdet i Fitjar sentrum ligg det samla 19,1 dekar areal definert som dyrka mark, og eit gardstun.

Jordbruksareal i sentrum er ein del av Fitjar sin identitet og bidreg i utgangspunktet til matauk, men skapar også grøntområde for trivsel og grøne korridorar.

Sentrum har nokre områder som har markslag dyrka mark, og desse områda bør vurderast kor viktige dei er som matjord, kva dei skal regulerast til, og vurderast mot samfunnsplanen sin intensjon om det grøne skiftet og jordvern.

Det same gjeld gardstunet på gnr 65 bnr 6, som er ein del av ein større ressursrik landbrukseigedom. Bygningane på eigedomen, våningshuset og eldre driftsbygninga, ligg nærmast sentrum, og ligg som ei naturleg forlenging av sentrum. I kommuneplanen sin arealdel har våningshuset del av eit samanhengande formål "Bustad". I perioden planarbeidet for sentrum har pågått er det etablert tomt for brannstasjon på same gnr/bnr. Grunneigar har fremja innspel til planen om bustadføremål her i nærleiken av FV 545. **I planen vert det førslått å tilbakeføra våningshuset på 65/6 til LNF og den eldre driftsbygningen til byggeføremålet BKB17.**

Om bygningane vert regulert til anna føremål enn LNF, så kan bygningane delast i frå utan dispensasjon. Konsekvensen kan vera at ein sit att med ein jord- og skogeigedom med rettar i Midtfjellet, utan tilknyting til bygningars. Sjølv om grunneigar har andre ønske for eigedomen enn landbruk, så er det kommunen som må tenkje langsiktig arealforvaltning slik samfunnsdelen legg opp til, med mellom anna berekraftig forvaltning.

Vi opnar i planen for utbygging langs FV 545, som eit naturleg samanhengande vekstområde for sentrum i Fitjar. Dette er delvis opna for i KPA 2011-2022. Dette utgjer omlag 5,3 daa som vi foreslår omregulert frå LNF til offentleg- eller privat

tenesteyting-/bustadføremål. Gnr 65/bnr 6 er ein stor landbrukseigedom, der størstedelen bør ivaretakast til LNF formålet. Framtidig moderne driftsbygning kan potensielt etablerast på anna stad på garden for framtidige generasjonar.

Vi foreslår å omregulere 5,3 daa frå industriformål til LNF område ved Hegraneset. Slik vert det balanse i det samla landbruksarealet i planområdet. Det vil slik ikkje vera eit tap av dyrkajord innan planområdet. Kommunen har redusert utbyggingspresset på dyrkajord i sentrumsnært område, ved ei ei moderat utfylling i sjø, og fortetting i eksisterande bustadområde. Kommunen har nytta nasjonal jordvernstrategi, 2021 i arbeidet.

Det er også kartlagt 200-års flom med klimapåslag. Denne flomstørrelsen inkludert 20% sikkerhetspåslag tilsvarer 1000- års flomsone med klimapåslag. Flomkartlegging av 200-års flom kan benyttes til å vurdere flomfare ved detaljregulering og byggesaksbehandling for tiltak som faller inn under sikkerhetsklasse F2.



Resultater frå følsomhetsanalyse med 20 % auka vassføring. Raud sirkel merker der det er usikkerhet i terrenghodellen og om ein reelt får ei overtopping her. Skravur indikerer usikker flaumveg.

Når det gjeld bølgeoppskylling er det forventa at det vil førekoma større vindgenererte bølger samstundes med ei stormflo i Fitjarvika, særleg ved vind frå nord og nordvest. Slike bølger kan gjera betydeleg skade på bygg og infrastruktur som ikkje er dimensjonert for slike krefter. Det er anbefalt å utføra meir detaljerte berekningar for å avklare naudsnyt tryggleik mot bølgeoppskylling i videre arbeid.



Terrenghodell med eit utvida elveløp og flaumvollar – Multiconsult AS (tidlegare rapport, utfyllinga er seinare redusert)


Kotehøgde for nybygg er sett i føresegner til planen.

Flaumfare - tiltak

Kommunen har bedt Multiconsult legge inn flaumvollar i den hydrauliske modellen. Det viser at Ved en eventuell etablering av tiltakene er det mulig å beskytte deler av Fitjar sentrum mot flom. Bygging av tiltakene møter stedvis store utfordringer knyttet til gjennomføring. For eksempel vil Flomverk 4 enkelte steder trenge over 4 m høyde. Andre utfordringer gjelder spesielt der flomverkene må krysse vei, der toppene av flomtiltakene ligger mye høyere enn dagens terregn, som for eksempel ved Havnevegen og Gamle Havnevegen. I nærheten av eksisterende bygg kan det være vanskelig å gjennomføre tiltakene, som for eksempel ved Fitjar Videregående skole eller enkelte bygg i Helsekvartalet. Her krever plassbegrensningen bruk av flommurer istedenfor flomvoller, men gjennomførbarheten er likevel usikkert. Det forventes at det vil være store kostnader knyttet til evt. byggingen av tiltakene på grunn av disse utfordringene. Modul F2.302 i Sikringshåndboka (NVE, 2022) beskriver kravene for Prosjektering av flommurer.

Tiltakene forandrer strømningsbildet og fører til noe økte vannhastigheter mellom bruene ved Sandvikvågvegen og Elvavegen 15. Samme effekt vises nær elvas utløp til havet. Hastighetsøkningen er omtrent 0,5 m/s i de raskest strømmende områdene. Hastighetene ellers er store uansett om flomtiltakene er utbygd eller ikke og derfor er endringene ikke vesentlige.

Den planlagte utfyllingen ved utløpsområdet påvirker strømhastighetene fra elva i liten grad. Retningen til hovedstrømmen *under flom* vil ligge litt mer mot nord og strekke seg litt mer ut mot havet, sammenlignet med dagens situasjon. De største strømningshastighetene vil øke med omtrent 0,5-1,0 m/s (de største verdiene vil øke fra 4,5-5,0 til 5,5-6,0 m/s) som følge av utfyllingen. Vanndybden *under flom* i det utfylte området vil stort sett ligge på 0,2-0,3 m (sammenlignet med 1,5-1,6 m uten utfylling). Modellresultatene antyder ingen vesentlige endringer i dybdene i



Plassering av flaumvollar for å hindre oversvømming av tilstøtande område i 100-års flaum med klimapåslag

Erosjon i blautbotnområda som følgje av utfylling

Kommunen har bedt Multiconsult foreta en oppdatert analyse av utfylling i henhold til det reviderte planforslaget og påvirkning på strømforholdene ved flom. Multiconsult har vurdert påvirkningen i notat av 10.05.23 og konkluderer slik på s. 15-16:

«Tiltakene forandrer strømningsbildet og fører til noe økte vannhastigheter mellom bruene ved Sandvikvågvegen og Elvavegen 15. Samme effekt vises nær elvas utløp til havet. Hastighetsøkningen er omtrent 0,5 m/s i de raskest strømmende områdene. Hastighetene ellers er store uansett om flomtiltakene er utbygd eller ikke og derfor er endringene ikke vesentlige.

Den planlagte utfyllingen ved utløpsområdet påvirker strømhastighetene fra elva i liten grad. Retningen til hovedstrømmen under flom vil ligge litt mer mot nord og strekke seg litt mer ut mot havet, sammenlignet med dagens situasjon. De største strømningshastighetene vil øke med omtrent 0,5-1,0 m/s (de største verdiene vil øke fra 4,5-5,0 til 5,5-6,0 m/s) som følge av utfyllingen. Vanndybden under flom i det utfylte området vil stort sett ligge på 0,2-0,3 m (sammenlignet med 1,5-1,6 m uten utfylling). Modellresultatene antyder ingen vesentlige endringer i dybdene i områder der det ikke er utfylling. Maksimumsverdier ligger her rundt 3,0 m, og i hovedsak på 1,6-2,0 m.»

Som det fremgår er Multiconsult av den oppfatning at den planlagte utfyllingen ved utløpsområdet påvirker strømhastighetene fra elva i liten grad. Kommunen kan på denne bakgrunn ikke se at det er grunnlag for å opprettholde innsigelsen fra NVE på dette punkt.

6.12 Molo i Fitjarvika

Det har i mange år vore eit ønskje om å etablere ein større molo i Fitjarvika, i retning mellom Hegraneset - Fitjar Mekaniske Verksted AS. Hensikten er å gje vern mot bølger og nordavinden og slik skape ei meir trygg hamn. Ein slik molo må ha ei utforming som sikrar opning for større fartøy, hurtigbåt osb. Formannskapet gjorde vedtak i møte 28.04.2021 at vurdering av større molo i Fitjarvika må skje gjennom eigen reguleringsplan.

6.13 Fiskeriinteresser, marine interesser og ferdsel på sjø

Fartsgrenser på sjø vil bli vurdert i ny trafikktryggingsplan for Fitjar 2021-2031. Innanfor planområdet er det naustanlegg for fiskeri. Det er ingen fysiske hindringar i planområdet for transport til fiskeområde.

6.14 Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett

Det er godt utbygt gang- sykkelvegnett mellom sentrum og omkringliggende bustadfelt. Ved fullføring av miljøgata mot aust vil tilgjenge for gåande og syklande i og inn/ut av sentrum vera god.

6.15 Folkehelse

Planen legg til rette for breie, befolkningsretta strategiar og tiltak som når alle. Kommunestyret i Fitjar har vedtatt strategi for "Leve hele livet" og eit aldersvenleg samfunn der sentrumsutvikling i Fitjar er ein vesentleg del. Kommunen har også nytta nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024 i arbeidet. Planen peikar likevel ikkje på konkrete bygg, og framtidige bygg, sine eigartilhøve men peikar på funksjonar som må ivaretakast i sentrum framover. Vi har illustrert framtidige buformer.

Planen legg til rette for fortetting av bustadar/leiligheter i sentrum, noko som er viktig i høve til demografisk endring med ein aldrande befolkning og sosial utjamning. Ein legg til rette for turmoglehete i nærområdet med kyststi, badestrand, offentleg badstu, benker og sosiale møteplassar og forlenga miljøgate. Kulturinstitusjonar er innan planområdet, eller i gangavstand til dette t.d. Fitjar kultur- og idrettsbygg, Fitjar Kyrkje, Galleri Losjen, Fitjar kino.

Idrettsanlegg er i gang- og sykkelsavstand til sentrum.

Det er tilrettelagt for grøn mobilitet med betre kollektivtrafikkløysingar i nærtrafikken og med korrespondanse til Stord og Bergen. Nytt kollektivknutepunkt etablert i miljøgata i 2019.

Det er etablert aktivitetsområde i sentrum, ved rådhuset.

Det er peika på areal for utvida omsorgstilbod og nye buformer med meir fellesareal og sosiale møteplassar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det vidare drøftingar under "Fitjar for alle", "Friluftsliv" og "Smarte og kompetente kommunale tenester".

6.16 Barn og unge sine interesser i planområdet

Planen vil opna for fortetting av bustadareal i sentrum og då er det viktig med tilstrekkeleg aktivitets- og rekreasjonareal i sentrum. Felles badestrand, kyststi ligg i planane.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, 1995 er lagt til grunn for arbeidet med planen. Reguleringsplanen for Fitjar sentrum og ny KPS er samkøyrd i sine medverknadsprosessar. Barn- og unge har medverka i planen gjennom:
Barn- og unge har medverka i planen gjennom:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) inkl sentrumsutvikling drøfta med alle elevar på Rimbareid ungdomsskule 13.05.2019
- KPS drøfta på "Ope hus" for ungdom 12.06.2019
- KPS drøfta i Ungdomsrådet 28.05.2020
- Reguleringsplan for Fitjar sentrum drøfta i ungdomsrådet 10.03.2021
- Grøn mobilitetsprosjekt drøfta med ungdomsrådet 12.02.2021
- Planen har vore på høyring til "Barns representant" 05.08.20 kom ho med uttale til planen.

I medverknadsprosessen for kommuneplanen sin samfunnsdel peika ungdom særleg på behovet for uformelle sosiale møteplassar i sentrum. Dei peika på "Tommen"/ "Videoen" som det viktigaste med Fitjar sentrum. Dette er ein kiosk/ grill med sitjeplassar. Dette er framheva i kommunen sin dialog med næringsaktørar i sentrum gjennom planarbeidet. I planen vert det sett krav til næringsverksemd i første etg. I bygga langs hovudvegen i området Meierikaien – Hotellet.

Kultur- og idrettsanlegg er i planområdet, eller i gangavstand til dette t.d. Fitjar kultur- og idrettsbygg, Fitjar Kyrkje, Fitjar bedehus, Galleri Losjen, Fitjar kino. Like utanfor planområdet har ein kunstgrasbane, og i eit av byggefelta har ein idrettspark med friidrett.

I gangavstand til sentrum er den største grunnskulen Rimbareid skule, med basseng og intallasjonar på uteområdet. Attraktivt aktivitetsområde er også ved Fitjar rådhus, med mange nye installasjonar og benkar på «Blomster-Malvins plass». I planområdet ligg

Fitjar Vidaregåande skule. Trygg skuleveg er viktig i området og det er tilrettelagt med samanhengande gang- og sykkelstiar i området. Som nytt tiltak foreslår vi forlenging av miljøgata, fram til Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB).

For å redusere klimagassutslepp vert det arbeida for auka grøn mobilitet knytt til FKIB, og idrettsanlegg i gang- og sykkelavstand til sentrum. Dette gjeld også nye kollektivløysingar mellom byggefelta og sentrum, noko som kan bidra til auka deltaking og sosial bærekraft.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det vidare drøftingar under "Fitjar for alle" og "Friluftsliv".

Medverknadsprosessen er skildra i kap.2.2

6.17 Landskap og estetikk – uttrykk og kvalitet.

Det må leggjast stor vekt på landskapstilpasning og gode arkitektonisk kvalitetar og estetikk i planområdet, som vil framheva Fitjar sitt sær preg og fortrinn. Eit av hovudføremåla med planen er å opna Fitjar mot sjøen og etablere ei attraktiv sjøside. For tilreisande som kjem med båt, for å halda på det intime i Fitjar sentrum, skapa trivsel og sosiale møteplassar langs sjøsida, for å knyte saman sjøsida og hovudgata/miljøgata – og halda på aksar og siktlinjer i sentrum.

6.18 Geoteknikk utfylling i sjø.

Det er ikkje utført geotekniske undersøkelsar på land eller i sjø i samband med dette planarbeidet. Det er i 1997 utført geotekniske undersøkingar i sjøområdet for ein mogleg molo. Det vart den gongen bort i 4 stasjonar med borerigg frå flåte. Det er utført totalsondering i alle posisjonar, medan representativ prøvetaking er utført i 3 av posisjonane.



4 stasjonar for grunnundersøkning 1997 - Geovest

Stasjonane samsvarar ikkje med planlagt utfylling, men gir ein indikasjon på grunntilhøva i området.

Grunntilhøva i borepunktta består av eit opp til 2,8m tjukt bløtt/fast topplag av humus-haldig sand over fast moreneaktig grus. Djupna til antatt fjell varierer mellom 2,1 og 4,2m i borpunktta. Ein viss usikkerhet er til stades med hensyn til mektigheten av det blaute topplaget då det kun er undersøkt i 4 posisjonar langs ein planlagt molotrasé. Grunnforholda kan difor vera därlegare i områda rundt/mellom dei undersøkte posisjonane, samt på strekninga vidare inn mot land i nordaust der det ikkje er bort.

Dersom grunnforholda i dei undersøkte borpunktene er representative for området forøvrig, er det ikkje forventa større stabilitetsproblem med hensyn på brudd over større område i grunnen under fyllinga. Lokale utglidinger kan imidlertid ikkje utelukkast då det er uklart i kva grad fylmassen vil fortrenga det blaute/lause topplaget.

Det er ikkje påvist kvikkleire i nokon av prøvane.

Ein antar at desse undersøkingane er tilstrekkelege på dette tidspunktet for å vurdera at planlagt utfylling i sjø frå Larsen-kaien til Fitjarelva vil vera mogleg. Det vil vera påkrevd med nye geotekniskeundersøkingar og -prosjektering før utbygging på land i området mellom Bankbygget og Hotellet.

7 RISIKO OG SÅRBARHEIT – ROS

For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar, er gjort med utgangspunkt i framlagt planforslag.

Analysen er gjennomført for å kartleggja risikobilete som følgje av planlagde endringar innan planområdet. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

7.1 metode for ROS

Plan- og bygningslova (PBL) stiller krav til ROS-analyser ved arealplanlegging som gir eit kunnskapsgrunnlag for å ivareta samfunnstryggleik i planområdet. PBL § 3.1 syner til at planlegginga skal etter denne lov fremme samfunnstryggleik ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

ROS-analysen er utarbeidd i samsvar med DSB rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunens arealplanlegging» (januar 2017).

ROS-analysen følger også opp ROS-analysen frå kommuneplanens arealdel for også å fanga opp meir og detaljert kunnskap.

ROS-analysen fangar også opp problemstillingar i heilsakleg ROS for Stord og Fitjar kommune 2014-2018. Ny ROS skal utarbeidast i 2021.

7.2 Kriterium for sannsyn og konsekvens

Målsetjinga med denne analysen er å laga ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit som følgjer av planutkastet. Vidare skal ROS-analysen identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko.

ANALYSEN ER DELT I TO FASAR

1. Siling av reell fare (sjekkliste). Alle hendingane har akseptabel risiko og ytterlegare vurderingar er ikkje gjennomført
2. Risiko og sårbarhets analyse av hendingar/situasjonar med reel fare (ROS-analyse)

ROS-analysen tek utgangspunkt i akseptkriterium kommuneplan for Fitjar kommune og Teknisk forskrift (TEK17). Krav i forskrift og kommuneplan er implementert og nytta som bakgrunnsinformasjon i høve til sannsyn og konsekvens (metode), men også i høve til detaljert planlegging og bygging. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens). Sannsyn og konsekvens av ulike hendingar gir som produkt, risiko som ei hending representerer. Det er viktig å finne mogeleg tiltak for å redusera risiko og sårbarheit til akseptabel risiko. Slike tiltak kan vera både førebyggjande og skadereduserande. Førebyggande tiltak skal hindre at ei uønska hending skjer og skadeførebyggande tiltak skal minske skadane når ei uønska hending har skjedd.

Følgjande føresetnadar vert lagt til grunn for denne analysen:

- Analysen er avgrensa til arealet innanfor plangrensa og influensområde.
- Analysen fokuserer på verknadar av framtidig endra arealbruk, og eksisterande verksemder som har direkte påverknad på tiltaket.
- Analysen føresett at gjeldande lovverk og krav vert stetta i prosjekterings- og anleggsarbeid.

- Analysen føreset at kommunal beredskap er teke i vare, og at turvande utstyr, kompetanse og ressursar er tilstades.
- Analysen omfattar ikkje tilsikta (overlagte) handlingar slik som hærverk og sabotasje.

Det er nytta same kriterium og inndeling av uønskte hendingar i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS-analysen. Intervall og kriterium er oppdatert slik at dei stettar krava i teknisk forskrift (TEK 17). Hendingane vert vurdert ut frå sannsyn for og konsekvens av hendinga. Følgjande definisjonar er lagt til grunn:

Som akseptkriterium har ein lagt til grunn: (Tabell 1)

| | |
|---------------------------|---|
| Uakseptabel risiko | Tiltak skal settast i verk for å redusera risikoen. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det skal gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreiingar for å belysa risikoen (ROS-analyse). |
| Middels risiko | Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost/nytte. Kommunen kan, basert på tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering, i byggesak krevje ROS-analyse. |
| Akseptabel risiko | Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det bør i kvar enkelt byggesak vurderast om det må gjennomførast førebyggjande tiltak. |

Sannsyn og konsekvensar

Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

Sannsyn: (Tabell 2)

Estimering av sannsyn skal ta utgangspunkt i moglege årsakar til dei uønska hendingane og med kva frekvens dei kan ventast å opptre. Grenseverdiane er kategorisert som følgjer:

| | SANNSYN | FREKVENS |
|----------|-------------------------|---|
| 1 | Mykje sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 20. år |
| 2 | Sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år |
| 3 | Noko sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år |
| 4 | Lite sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år |
| 5 | Usannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 5000. år |

Konsekvens: (Tabell 3)

Følgjande tema kytt til planframlegget vert vurdert i høve potensiell risiko: Liv og helse. Ytre miljø. Materielle verdiar. Grenseverdiane er kategorisert som følgjer:

| | KONSEKVENS | LIV OG HELSE (L) |
|----------|--------------------|--|
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding. |
| 2 | Ein viss fare | Inntil 5 alvorlege person-skadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding. |
| 3 | Alvorleg/farleg | Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall |
| 4 | Kritisk | Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall |

| | | |
|----------|--------------------|--|
| 5 | Katastrofal | Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall |
| | KONSEKVENS | MATERIELLE VERDIAR/ØKONOMI (Ø) |
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr. |
| 2 | Ein viss fare | Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr |
| 3 | Alvorleg/farleg | Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr |
| 4 | Kritisk | Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. – 300 mill. kr |
| 5 | Katastrofal | Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr |
| | KONSEKVENS | YTRE MILJØ (LUFT, VATN OG GRUNN) (M) |
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid |
| 2 | Ein viss fare | Miljøskadar, kort restitusjonstid |
| 3 | Alvorleg/farleg | Miljøskadar, < 1 års restitusjon |
| 4 | Kritisk | Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon |
| 5 | Katastrofal | Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade |

Risikomatrisa har tre soner; grøn, gul og raud: (Tabell 4)

Matrisa er inndelt i 3 matriser, ei for kvart tema (liv og helse, miljø og økonomi). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5x5 og inndelinga med koding finn ein igjen i tabellane ovanfor.

| | | HELSE OG LIV | | | | | ØKONIMI | | | | | MILJØ | | | | |
|------------|----------|--------------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| SANNSYN | 1 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 |
| | 2 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 |
| | 3 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 3.5 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 3.5 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 3.5 |
| | 4 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 |
| | 5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| KONSEKVENS | | | | | | | | | | | | | | | | |

7.2.1 Sjekkliste ROS-analyse

| EMNE / ÅRSAK / HENDING / TILHØVE | KOMMENTAR |
|------------------------------------|--|
| Skade på bygg og infrastruktur pga | |
| Sterk vind | Planområdet er lokalisert i eit relativt skjerma område. Utbygginga skal stetta krav sett i TEK17. |
| Ekstrem nedbør | Det er ikkje registrert at området er spesielt utsett for ekstreme nedbørsmengder. Det er ikkje grunn til å tru at tilhøve til nedbør er annleis enn andre stadar på Fitjar. Utbygginga skal stetta krav sett i TEK17. |
| Leirskred | Lausmassane i planområdet er registrert som tynn morene. Planområdet er under marin grense. Det er truleg 20-30cm jordlag og vidare mot fjellrunnen gode morenemassar. |

| | |
|---|---|
| Steinsprang/ ras fra fjell/stein | Det er ikke registrert fare for steinsprang/skred innanfor planområdet, jf. skrednett.no. Store deler av planområdet er flatt og det er ingen eksisterande eller planlagde høge skjeringar. |
| Is- og snøskred | Det er ikke registrert fare for is- eller snøskred innanfor planområdet, jf. skrednett.no. Store deler av planområdet er flatt og det er ingen eksisterande eller planlagde høge skjeringar. |
| Radon i byggegrunn | TEK17 sett krav til at alle bygg skal sikrast mot radon. For å unngå radonsikring må det dokumenterast ved radonmåling at tiltak ikke er naudsynt. |
| Utbygging som skaper fare for utslepp av kjemikalium eller anna forureining | Det skal byggjast ny brannstasjon innanfor plområdet der det blir stilt krav om oljeutskiljar ved vaskeplass. Småbåthamna utanfor Larsen Eigedom (65/28) skal utvidast utover i sjø som kan føre til forureining/søl av drivstoff. |
| Utbygging som skaper fare knytt til lagring eller transport av farleg gods | Det er ikke planlagt for verksemder som skaper ny fare knytt til lagring eller transport av farleg gods utover dagens bruk. |
| Verksemder i nærområdet med fare for brann/eksplosjon | Det er marina/tankanlegg for fylling av drivstoff på fritidsbåtar og landbruksmaskinar på kaien til Larsen Eigedom (65/43). Tankanlegget har sikringssone Ø=40 meter. Småbåthamna utanfor Larsen Eigedom (65/28) skal utvidast utover i sjø som kan føre til auka eksplosjonsfare/brann i småbåtar. Det er offentleg kai i planområdet. |
| Støy | Det er ikke planlagt for støyande verksemder på området. |
| Bortfall av straum | Det er ikke planlagt for samfunnsviktige funksjonar med akutt behov for straum eller vatn innanfor planområdet. Nye helse/omsorgsbygg innanfor planområdet vil få krav til naudstraumsaggregat. |
| Skrentar /stup | Store deler av planområdet er flatt og det er ingen eksisterande eller planlagde store skjeringar. |
| Elektromagnetisk felt frå kraftleidning | Det går ikke høgspent kraftleidningar i luftspenn gjennom planområdet. |
| Biologisk mangfold | Naturmangfold samla er vurdert å ha middels til stor verdi i elvemunningen til Fitjarelva som inkluderer delområde 2 og 3. Utfylling i sjø vil kunna få konsekvens for biologisk mangfold i dette området. Det er påvist sjøfugl som er nær trua i planområdet. |
| Kulturminne/fornminne | Det er registrert 2-3 kulturminne innanfor planområdet. |
| Verna bygg, anlegg eller område | Det er flere sefrak-registrerte bygg innanfor planområdet. |

7.2.2 ROS-analyse

| Emne/Årsak /Hending/ Tilhøve | Potensiell risiko, før tiltak: | | | Merknader Tiltak (avbøtande og risikoreduserende) |
|------------------------------|--------------------------------|--------------------|------------|---|
| | Liv og helse | Materielle verdiar | Ytre miljø | |

Brann

| | | | | |
|---|------------|------------|------------|---|
| Brannfare: Brann i enkelt bygning | 1.3 | 1.2 | 1.2 | Bygningar skal dimensjonerast og prosjekterast i samsvar med bygnings- og brannforskrifter. Ny brannstasjon er under bygging innanför planområdet, dvs. det är svårt kort utrykkingstid i hela planområdet. I omsorgsbustadar är det krav till risikoklass 6 och det är krav om sprinkelanlegg i bygga. Tiltak: Tilstrekkeleg vassmengd till slökevatn. Det må sikrast god tillkomst för utrykkingsmateriell. |
| Brann i bygning som kan spreie seg utanfor planområde | 2.3 | 2.2 | 2.2 | Bygningar skal dimensjonerast og prosjekterast i samsvar med bygnings- og brannforskrifter. Ny brannstasjon er lokalisert i sentrum, dvs. det er svært kort utrykkingstid. I omsorgsbustadar er det krav til risikoklasse 6 og det er krav om sprinkelanlegg i bygga. Tiltak: Tilstrekkeleg vassmengd til sløkkevatn. Det må sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell. |
| Brann fra trafostasjoner | 2.1 | 2.1 | 2.1 | Bygningar skal dimensjonerast og prosjekterast i samsvar med bygnings- og brannforskrifter. Ny brannstasjon er lokalisert i sentrum, dvs. det er svært kort utrykkingstid. Avstand til bustadføremål med varig opphold er minimum 5 meter. |
| Brann i båter | 2.3 | 2.2 | 2.1 | Ny brannstasjon er lokalisert i sentrum, dvs. det er svært kort utrykkingstid. Tiltak: Tilstrekkeleg vassmengd til sløkkevatn. Det må sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell. Avstandskrav i gjestehamn, informasjon om forebyggjande tiltak. |

Trafikkfare

| | | | | |
|---|------------|------------|--|--|
| Trafikkulukke på veg innanför planområdet | 1.2 | 1.2 | | Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav. Langs FV545 aust-vest er det ÅDT 3000, langs FV545 sør-nord er det ÅDT 2000, langs FV5070 er det ÅDT 2000. Tiltak: Det skal etablerast tilfredsstillande siktsoner. Miljögata skal fortsetjast vidare austover med fortau/gang- og sykkelvegar som skal ligga høgare enn veien, evt. skiljast med kantstein. Fartsgrense er 40km/t |
| Trafikkulukke på veg - Kryssløysingar til FV545 og FV5070 | 1.2 | 1.2 | | Sentrumskrysset er utbetra ihht PlanID201504. Tiltak: Det skal oppretthaldast tilfredsstillande siktsoner. |

| | | | |
|--|------------|------------|---|
| | | | Krysset ved FKIB skal utbetraast. Ny trafikksikringsplan er under arbeid. Fartsgrense er 40km/t. |
| Trafikkulukke på veg – Kryssingar av gang-/sykkelveg | 1.2 | 1.1 | <p>Planen skal sikre tilstrekkeleg tal fotgjengarfelt utforma ihht til SVV handbok V122, og tilstrekkeleg siktsonar.</p> <p>Tiltak: Det er fartsgrense 40 km/t. Alle fotgjengarovergangar skal vera oppbygt. Rekkefølgjekrav som sett føringer om at siktforholda etter V122 skal stettast, og at maksimal høgde på hekk eller andre sikthindringar skal vera 0.5m over bakkeplan/ tilstøytande vegars plan.</p> |

Natur og miljøtilhøve

| | | | | |
|------------------------------|------------|------------|---|---|
| Sterk vind | 1.1 | 1.2 | <p>I vindkart for Noreg, er planområdet vist med årsmiddelvind mellom 7,5 – 8,0 m/s (Kjeller vindteknikk & NVE, 2009) Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskadar. Skadar som oppstår er gjerne som fylgje av lausrivne bygningselement og rotvelt av skog.</p> <p>Sterk vind er ikkje vurdert å utgjera ein fare for området då bygningar i området er/kan førast opp etter krav i TEK.</p> | |
| Store nedbørsmengder | 1.1 | 1.2 | 1.2 | <p>Klimaendringane er venta å føre til auka mengd nedbør, samt hyppigare intense nedbørperiodar. Auka frekvens med intense nedbørperiodar med mykje nedbør på kort tid er venta å føra til noko økt materiell skade. Planområdet ligg like ved sjøen. Terrenget innafor og i nærliken gir noko sannsyn for større avrenningar og flaum eller skade på bygg ved større nedbørperiodar.</p> |
| Springflo/ stormflo | 1.1 | 1.2 | 1.2 | <p>Returnivå for stormflo vert lagt saman med havnivå-endringar og utsleppsscenarioa for å definere kor mykje havnivået kan stige med under ei stormflo. Tryggleiksklasse 2 for Fitjar ved ein 200-års returperiode er 193 cm med klimapåslag. Nye tiltak ligg tett på sjøen og springflo/stormflo er vurdert å utgjera ein fare for planområdet.</p> <p>Tiltak: Lågaste golvnivå i beboelsesrom må ikkje ligga lågare enn kote +3,0.</p> |
| Flaum og erosjon: Fitjarelva | 1.1 | 1.2 | 1.2 | <p>Ein vurderer det som svært lite sannsynleg at ei ekstrem vassføring i Fitjarelva vil føre til ei så stor oppdemming at det vil kunne verte fare for vasskade på eksisterande og planlagt ny busetnad. Oppstraums vil Stølamyra fungere som ein buffer for store nedbørsmengder. Elveløpet ned mot planområdet har ei god helling slik at vatnet vil verta teke unna relativt raskt. Elva har på dette strekket større steinar på kvar side som vil hindre utgraving ved stor vassføring. Elveløpet nedstraums er rett og vil vera med til å hindre opphoping av vatn oppstraums.</p> <p>Det har hendt at elva har gått over sine breidder, men aldri i eit slikt omfang at det har truga</p> |

| | | | | |
|--|------------|--|--|---|
| | | | | bygga. Elveløpet er plastra med natursteinsblokker. |
| | | | | ROS-analyse Stord/Fitjar syner til at sannsyn for flaumskader er lite sannsynleg og at flaum generelt ikkje er eit stort problem i Fitjar kommune. Historiske flaumhendingar har ofte vore knytt til kortare periodar som har ført til hindring av trafikk, samt overfløyming av eng. |
| Elektromagnetisk felt frå trafostasjonar | 2.1 | | | Tiltak: Det vil bli utført flaumsonekartlegging sommaren 2021, byggegrense mot Fitjarelva og minimum kotehøgde uteområde og golv blir vurdert då. Tverrsnitt for elveløp i utfyllingsområde blir også vurdert då. |

Natur- og kulturområde

| | | | | |
|---------------------|------------|------------|------------|---|
| Sårbar flora | | | | Det er ingen kjent sårbar flora innanfor planområdet ifølgje naturbase. |
| Sårbar fauna/fisk | | 1.1 | 1.2 | Sjøaure, østers og oter i munningen av Fitjarelva/ utfyllingsområdet. Verdivurdering utført av Rådgivende Biologer AS (3371). |
| | | | | Tiltak: Konsekvensutgreiing for utfylling i sjø blir utført av Rådgivende Biologer AS med påfølgjande tiltak, mai/juni 2021. |
| Verneområde | | | | Det er ingen verneområde i planområdet. |
| Fornminne | 1.1 | 1.1 | | Det er 2 registrerte fornminne innanfor planområdet, ID 270471 og ID 270472. |
| | | | | Tiltak: ID 270471 vil bli bevart som LNF-område. ID 270472 vil bli bevart om LNF-område. |
| Kulturminne- /miljø | 1.1 | 1.1 | | Det er eldre bygningsmiljø innanfor planområdet som skal bevarsast. |
| | | | | Tiltak: Det blir stilt krav i føresegner til bevaring. |

Forureining

| | | | | |
|---|------------|------------|------------|--|
| Støy frå Fv545 /FV5070 til bustadområde | 1.1 | 1.1 | 1.1 | I følgje støyvarslingskart utarbeidd av Statens vegvesen er ikkje området belasta med støynivå som er uakseptable (gul eller raud støysone). |
| Forureining: Jordmassar | 2.1 | 2.1 | 2.2 | Ytterst på Hegraneset var det tidlegare mekanisk industri. |
| | | | | Tiltak: Krav til miljøtekniske grunnunderskelser i detaljreguleringa for Hegraneset. |
| Forureining i bunnsediment i sjø | 1.1 | 1.1 | 1.2 | Det skal fyllast i sjø frå Larsen til Havnahuset, og det kan ved detaljregulering for Hegraneset vera aktuelt med utfylling i sjø også der. |

| | | | |
|--------------|------------|------------|--|
| | | | Tiltak: Krav til miljøtekniske grunnunderskelser av bunnsedimenter og eventuelle tiltak før utfylling. Miljøtekniske undersøkelser blir utført i sentrum i løpet av 2021. |
| Uønska artar | 1.1 | 1.1 | 1.2 Stillehavssøsters er observert utanfor munningen til Fitjarelva i januar 2021. Tiltak: Fjerning av individer 1 gong pr. år. |

7.2.3 Vurdering av tiltak i raud og gul kategori

I tabellen under er kvar hending som er vurdert til å hamne i gul og raud kategori m.o.t. sannsyn og konsekvens lista opp, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

| Emne | Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna |
|---|--|
| Brannfare innanfor planområdet | Det er tilstrekkeleg vassmengd til sløkkevatn i området. Det skal sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell. Det må etablerast nokre nye brannkummar. Det er svært kort avstand til Fitjar brann og redning. Raud kategori liv og helse grunna omsorgsbustader innanfor planområdet. Gul kategori grunna økonomiske og miljømessige konsekvensar ved brann innanfor konsentrert utbygging. |
| Brannfarespreiing utanfor planområdet | Det er tilstrekkeleg vassmengd til sløkkevatn i området. Det skal sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell. Det må etablerast nokre nye brannkummar. Det er svært kort avstand til Fitjar brann og redning. Raud kategori liv og helse grunna omsorgsbustader innanfor planområdet. Gul kategori grunna økonomiske og miljømessige konsekvensar ved brann innanfor konsentrert utbygging. |
| Brann i båtar | Det er tilstrekkeleg vassmengd til sløkkevatn i området. Det skal sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell. Det må etablerast nokre nye brannkummar. Det er svært kort avstand til Fitjar brann og redning. Det må vera god informasjon og avstandskrav i gjestehamna. Raud kategori liv og helse grunna brannar kan gå raskt. Gul kategori grunna økonomiske konsekvensar for brann i båt. |
| Trafikkulukke på veg | ÅDT gjennom Fitjar sentrum er opptil 3300. Ein kan aldri gardera seg mot trafikkulykker. Miljøgata skal fortsetjast vidare austover med fortau/gang- og sykkelvegar som skal ligga høgare enn vegen, evt. skiljast med kantstein. Det vil bli lagt siktsonar i plankartet. Ein vil sikra at siktsonar blir ivareteke. Fartsgrensa er 40km/t gjennom sentrum. |
| Trafikkulukke på veg - Kryssløysingar til FV545 og FV5070 | ÅDT gjennom Fitjar sentrum er opptil 3300. Ein kan aldri gardera seg mot trafikkulykker. Sentrumskrysset er nyleg utbetra. Det vil bli lagt siktsonar i plankartet. Ein vil sikra at siktsonar blir ivareteke. Fartsgrensa er 40km/t gjennom sentrum. |
| Trafikkulukke på veg – Kryssingar av gang-/sykkelveg | ÅDT gjennom Fitjar sentrum er opptil 3300. Ein kan aldri gardera seg mot trafikkulykker. Miljøgata skal fortsetjast vidare austover med fortau/gang- og sykkelvegar på begge sider som skal ligga høgare enn vegen, evt. skiljast med kantstein. Det vil bli lagt tilstrekkeleg heva fotgjengarovergangar over vegen. Fartsgrensa er 40km/t gjennom sentrum. |
| Sterk vind | Sterk vind er ikkje vurdert å utgjera ein fare for området då nye bygningar i området skal førast opp etter krav i gjeldande TEK. |

| | |
|--|---|
| | Nokre eldre bygningar kan bli påført begrensa skader frå vind og påfølgjande nedbør. |
| Store nedbørsmengder | Mykje nedbør på kort tid er venta å føra til noko økt materiell skade, men ikkje fare for liv og helse. Det er gjort eit arbeid med overvassrøyri i samband med utbetring av sentrumskrysset. Nye overvassrøyri blir lagt ned i samband med forlenging av miljøgata mot aust. Planområdet heller for ein stor del mot sjøen og det er kort veg til sjø, og soleis relativt raskt å bli kvitt vatnet. Det skal etablerast meir blågrøntstrukturar og nødoverløp skal kartleggjast. |
| Springflo/ stormflo | Som følgje av at deler av området ligg i sjøkanten, vil det alltid vera fare for springflo og stormflo. Det representerer ikkje fare for liv og helse, men for verdiar. For å ivareta framtidig havnivåstigning som følgje av klimaendringar er lågaste golvnivå i beboelsesrom fastsett å ikkje kunna ligga lågare enn kote +3,0 i planområdet. |
| Flaum og erosjon: Fitjarelva | Overordna ROS-analyse Stord/Fitjar syner til at sannsyn for flaumskader er lågt og at flaum generelt ikkje er eit stort problem i Fitjar kommune. Historiske flaumhendingar har ofte vore knytt til kortare periodar som har ført til hindring av trafikk, samt overfløyming av eng. Det vil bli utført flaumsonekartlegging av Fitjarelva sommaren 2021. |
| Sårbar fauna/fisk | Fitjarelva er område for sjøaure og det har vore observert oter her. Utanfor munningen er det påvist eit mindre område med flatøsters. Det er ikkje føreteke registrering av sjøaure i elva sidan 1996. Dagen tilstand er difor ukjent. Det er planlagt nye undersøkelsar i 2021. Det vil bli utført konsekvensutgreiing av naturmangfaldet av Rådgivende Biologer AS med påfølgjande tiltak, mai/juni 2021. |
| Forureining: Jordmassar | Ein kjenner ikkje til forureina jordmassar, men det kan førekomma på Hegranelset der det har vore mekanisk verkstad tidlegare. Det vil bli stillt krav til miljøtekniske grunnunderskelser ved eventuell detaljregulering for Hegranelset. |
| Forureining i bunnsediment i sjø | Krav til miljøtekniske grunnunderskelser av bunnsedimenter og eventuelle tiltak før utfylling i sjø. Miljøtekniske undersøkelser blir utført i sentrum i løpet av 2021 samstundes med resipientundersøkelsar i kommunen. |
| Uønska artar | Stillehavssøsters, individ må fjernast 1 gong pr. år. |

7.2.4 Konklusjon

I ROS-analysen er det vurdert ulike hendingar og situasjonar. Dei aller fleste forholda er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført i samsvar med lover og reglar (t.d. PBL og TEK 17). For dei fleste tema sikrar planen for nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Det er avdekka få tilhøve der førebyggjande eller skadereduserande tiltak må gjennomførast (raud sone), og forhold som utan tiltak ligg i gul sone. Alle hendingar vil verta akseptable, grøn sone, dersom tiltak vert følt opp. Planframleggget er vurdert til å ha akseptabel risiko.